

DET
NORSKE
TEATRET



Europa visjonar

STUDIEMATERIELL



I *Europavisjonar* brukar politikarar stemma si i jakta på stemma di!

VERDAS VIKTIGASTE SONGKONKURRANSE

Etter den andre verdskrigen var Europa delt i eit aust og vest. Den kalde krigen prega det politiske landskapet, og i 1961 reiste styresmaktene i DDR (Aust-Tyskland) ein mur for å hindre flukt frå regimet. Berlinmuren blei eit symbol på eit splitta Europa. I 1989 blei muren riven, og med det blei håpet om eit samla og forsona Europa for alvor tent. Nøyaktig eit halvt år seinare vann Italia Eurovision Song Contest med teksten «Unite, Unite, Europe».

Det er også her framsyninga *Europavisjonar* startar. På scenen står statsleiarar som syng sine visjonar for Europa til tonar frå Eurovision Song Contest. Og dei kjempar alle om publikum sine stemmer.

Men mykje har skjedd i verda sidan 1989. På 35 år har vi gått frå håp til håpløyse. Frå framtidstru, til eit meir polarisert Europa prega av krisar og krig. Korleis hamna vi her?

I *Europavisjonar* er det røysta til publikum som bestemmer utfallet. Scenen er sett for ein historietime med paljettar, raffe rytmar og heftige dansemoves!

I dette studiemateriellet får du konseptet for denne framsyninga forklart. I tillegg får du ein presentasjon av politikarane og låtane dei syng, utdrag frå manus og nokre oppgåver de kan bruke til for- eller etterarbeid.

Eg håper de får ei fin oppleving med *Europavisjonar*!
Måtte den beste visjonen vinne!

Beste helsing

Erlend Tårnesvik Dreiaås
Formidlingsdramaturg
Det Norske Teatret

På scenen



Tord Kinge
Floormanager
Karl



Kaia Varjord
Kommentator,
Aleksander den
store mfl




Hilde Olausson
Programleiar
Vera Weber



Leo Magnus de la Nuez
Programleiar
Vera Weber



Johan Hveem Maurud
Programleiar
Elias Sylvester



Carl Martin Eggesbø
Søderdahl, Blair,
Orbán, Ein gre-
kar m.fl.



Morten Svartveit
Zelenskyj,
Wörner, iBoy,
Djengis Kahn,
SUPEUROB m.fl.



Gina Bernhoff Gørvell
Juul, Ein vampyr,
Ein serbar,
Meloni m.fl.



Amell Basic
Programleiar
Elias Sylvester



Heidi G. Broch
Gorbatsjov,
Merkel, Arafat,
Napoleon m.fl.



Jae Nyamburah
Boris Jeltsin, Ein
tyskar, Karl den
store mfl.



Pål Christian Eggen
Putin, Reagan,
iBoy, Julius
Cæsar m.fl.



Rafid Arsalan Islam
Stoltenberg,
Kong Harald,
Geert Wilders
m.fl.



Ellen Birgitte Winther
Le Pen, Powell,
Hannibal Barca
m.fl.



Natalie Bjerke Roland
Donald Trump,
Yitzhak Rabin,
iBoy m.fl.



Hallvard Holmen
Johnson,
Rød-Larsen,
Keisar Nero,
iBoy m.fl.



Jon Bleiklie Devik
Macron, Varou-
fakis, Monnet,
iBoy m.fl.



Frode Winther
Macron, Varou-
fakis, Monnet,
iBoy m.fl.



Ingeborg S. Raustøl
Erdoğan,
Boutros Boutros
Ghali m.fl.

Band

Orkesterleiar, bass og keytar
Benjamin Giørtz /
Magnus Beckmann Hansen

Gitar
Henrik Lillehaug /
Øyvind Kløve Kjernlie

Tangentar
Markus Eide Anskau /
Bjarte Sæle

Slagverk og Silvio Berlusconi
Jon Fosmark /
Mads Frøystadvåg Skovdahl
(berre slagverk)

Kunstnarleg lag

av Simen Formo Hay, Johan Hveem Maurud
og Oda Radoor

Regissør
Simen Formo Hay

Dramaturg
Oda Radoor

Tekstdramaturg
Ingrid Weme Nilsen

Musikkansvarleg
Benjamin Giørtz

Kostymedesignar
Cårejånni Enderud

Manus til nynorsk ved
Inger Johanne
Sæterbakk

Medregissør
Johan Hveem Maurud

Koreograf
Simen Gloppen

**Scenograf og
lysdesignar**
Oscar Udbye

Videodesignar
Thomas Gallagher



Foto frå prøvene:
Simen, Johan og
ein kjempestor
Euro-mynt.

*Det er mange som
skal til for å lage
teater. Veit du kva ein
regissør gjer? Eller ein
komponist?*

Medverkande

Inspisientar
Erlend Erkki Stamnes og
Tine Smith-Hjelmerud

Lydteknikarar
Alf Vaksdal og Jostein
Reistad

Scenemeister
Eirik Ingebricson

Koordinator målar salen
Jarle Teigen Olsen

Lysmeister
Aleksander Kolstad

Teknisk produsent
Stian Næss

Maskør og parykkmakar
Ida Frithioff

Produksjonsmedarbeidar
Gry Hege Espenes

Filmsnuttar
Siren Høyland Sæter

Koordinator snikkar/smie
Adam Bouras

Rekvisitørar
Deepa Veronica
Andersen og Eline
Gundersen Ås

Videoteknikarar
Knut Nikolai Bergstrøm og
Raymond Stubberud

Kostymekoordinator
Line Antonsen



Ei litt annleis oppleving

Her er informasjon som kan vere kjekk å vite før de kjem til *Europavisjonar*.



I greenroom blir artistane intervjua.



Floormanageren har ansvar for publikum under showet.



Publikum brukar mobilen til å stemme.

I *Europavisjonar* er heile opplevinga forma som ein finale i musikkonkurransen Eurovision Song Contest. Publikum er publikum i TV-innspeilinga, og det er film-folk som filmar det som skjer på scenen.

Teatersalen er delt inn i ulike sonar. Kvar sone er eit land, og publikum er representantar for det landet. På veggane i salen heng det flagg for dei ulike landa som deltek.

- Det er ein floormanager, Karl. Han har som jobb å få showet til å gå som det skal. Han har også oppgåva med å få publikum til å bli med å heie.
- Det er ein kommentator, som sit i kommentatorboksen sin i veggen til venstre i salen. Ho kommenterer før og etter kvart nummer.
- Før kvart nummer, får publikum sjå eit såkalla 'postkort'. Det er ein kort videopresentasjon av kvar artist som skal opptre. Gjennom postkorta får vi også vite kor vi er i tidslinja frå 1989-2025.
- Det er to programleiarar som skal lose publikum gjennom alle bidraga.
- I tillegg er det ein representant for kringkastingsunionen EBU. Han skal sjå til at alt går som det skal, og at reglane til konkurransen blir følgde.

På scenen framfører artistane sitt bidrag. I tillegg er det eit greenroom, i veggen til høgre for amfiet. Der ventar artistane før eller etter dei har vore på scenen, og dei blir intervjua av programleiarane.

Først får alle artistane framføre bidraget sitt. Så er det ein pause på 20 minutt. Etter pausen skal publikum stemme over det bidraget/visjonen dei likte best.

- Publikum stemmer ved å bruke mobiltelefonen sin, skanne QR-koden som står på stolryggen framom, og velje seg tre land å gi si stemme.
- Du stemmer for det landet/sonen du sit i i salen. Du kan ikkje stemme på ditt eige land.
- Poenga blir talde opp, delt ut, og til slutt blir det utropt ein vinnar av *Europavisjonar*.

Hugs: Dette er ei teateroppleving, så det er duka for drama, konflikt, og at uføresette ting kan skje undervegs i konkurransen.

Velkommen til verdas viktigaste songkonkurranse: *Europavisjonar*!

DETTE ER LÅTANE I EUROPAVISJONAR

I *Europavisjonar* får du europeisk historie frå Berlinmurens fall i 1989 og fram til i dag. Gjennom 17 bidrag gir statsleiarar sin visjon for Europa - og du som publikum skal stemme fram den beste.

Her får du eit overblikk over bidraga du kan stemme på, kven som syng og informasjon om kor dei ligg i den historiske tidslinja. Merk deg også at samtlege melodiar er henta frå Eurovision Song Contest.



OPNINGSNUMMER: *Drøym saman* syng Mikhail Gorbatsjov og Ronald Reagan. Melodi: *Insieme*: 1992, *Toto Cutugno*, Italia 1990, 1. plass.



VISJON 1, SOVJETUNIONEN **SOVJET GOODBYE**

1991: Sovjetunionen blir oppløyst, og ei rad nye austeuropiske statar blir til. På scenen står Boris Jeltsin, som er den første demokratiske statsleiaren i Den russiske føderasjonen.

Melodi: *Dancing Lasha Tumbai*, Verka Serduchka, Ukraina 2007, 2. plass.

VISJON 2, EU **HANDEL FRAMFOR KRANGEL**

1992: Maastrichtavtalen blir skriven under, og EU, ein meir omfattande versjon av det tidlegare EF, blir med det oppretta. På scenen står EUs far, Jean Monnet.


Melodi: *Amar Pelos Dois*, Salvador Sobral, Portugal 2017, 1. plass



VISJON 3, ISRAEL/PALESTINA *TO STATAR, EIN BY*

1993: Oslo-avtalen mellom Israel og PLO blir skriven under, med eit håp om fredsprosess mellom Israel og Palestina. På scenen står Yitzhak Rabin, Yasir Arafat og dei norske diplomatane Mona Juul og Terje Rød-Larsen.

Melodi: Thinking about things, Daði Freys & Gagnamagnið, Island 2020, ESC avlyst.



VISJON 4, FN *Å SKAPE FRED, VED Å BRUKE VALD*

1995: NATO bombar serbiske målå i Bosnia, i etterkant av Srebrenica-massakren. På scenen står FNs generalsekretær Boutros-Boutros Ghali og NATOs generalsekretær Manfred Wörner.

Melodi: Monster like me, Mørland & Debrah Scarlett, Noreg 2015, 8. plass



VISJON 5, STORBRITANNIA *SHOPPING, BILAR OG SYDENTUR*

1997: Tony Blair og New Labour vann parlamentsvalet i Storbritannia. New Labour bryt med den tradisjonelle linja til arbeidarrørsla ved å vere meir marknadsorientert og liberalistisk. På scenen står Tony Blair.

Melodi: Oh ah... just a little bit, Gina G, Storbritannia 1996, 8. plass.



VISJON 6, ITALIA *EIN MYNT TIL Å SAMLE DEI, OG I BRÜSSEL BINDE DEI*

2002: Euroen blir innført fullt ut for vanlege folk, etter å ha vore ein digital valuta sidan 1999. På scenen står Silvio Berlusconi.

Melodi: Euro Neuro, Rambo Amadeus, Montenegro 2012, kvalifiserer seg ikkje til finalen.



VISJON 7, USA *FOR FRED OG RO, INVADER NO*

2003: To år tidlegare skjedde terrorangrepet mot World Trade Center i USA 11. september. Som ei følge av angrepet starta krigen i Afghanistan. USA invaderer Irak utan FN i ryggen, med påstand om at Saddam Hussein har masseødeleggingsvåpen. Storbritannia deltek også i krigen. På scenen står utanriksminister Colin Powell.

Melodi: Vampires are alive, DJ BoBo, Sveits 2007, kvalifiserte seg ikkje til finalen



VISJON 8, SILICON VALLEY **VERDA SKAL BLI KJAPPARE**

2002: iPhone, den første smarttelefonen, blir lansert. Dette er også året sosiale medium for alvor blir populært. På scenen står iBoys.

Melodi: I hear your heart, Cosmos, Latvia 2006, 16. plass



VISJON 9, RUSSLAND **DEMOKRATI? ELLES TAKK**

2007: Putin held ein tale på sikkerheitskonferansen i München, der han sterkt kritiserer USA sine handlingar internasjonalt. Denne talen blir av mange sett på som eit vendepunkt i relasjonen mellom Russland og Vesten. På scenen står Vladimir Putin.

Melodi: Cha Cha Cha, Käärijä, Finland 2023, 2. plass



VISJON 10, NATO **SLIK BLIR DET DEMOKRATI**

2011: Den såkalla arabiske våren er ei rad opprør mot autoritære regime. I Libya er Muammar al-Gaddafis regime valdeleg mot opprørarane. Ein NATO-leia koalisjon, med mellom anna Noreg, bombar Libya. På scenen står Jens Stoltenberg.

Melodi: That's how you write a song, Alexander Rybak, Noreg 2018, 15. plass.



VISJON 11, UKRAINA **SPIRE EIN REVOLUSJON**

2014: Ukrainas president Janukovitsj trekker seg frå ein samarbeidsavtale med EU, noko som set i gang demonstrasjonar på Majdan-plassen. Janukovitsj går av og flyktar landet. Russland annekterer Krym og Donbass-regionen i Ukraina. På scenen står mellom anna Zelenskyj.

Melodi: shum, Go_A, Ukraina 2021, 5. plass



VISJON 12, HELLAS **GJE MEG EIN SJEKK**

2015: Den amerikanske finanskrisa frå 2008 har påverka verdsøkonomien. Fleire europeiske land får problem med å betale gjelda si. Eurokrisa får store konsekvensar for Hellas, som har lånt over evne. På scenen står den greske finansministeren Yanis Varoufakis.

Melodi: Shake it, Sakis Rouvas, Hellas 2004, 3. plass



VISJON 13, YTRE HØGRE

SEND DEI HEIM

2015: Ytre høyre-parti veks fram i ei rad europeiske land. Muslimar i Europa, flyktningestraumar og eurokrisa er sentrale tema for desse partia. På scenen står Marine Le Pen, Geert Wilders, Giorgia Meloni og Viktor Orban.

Melodi: Run away, SunStroke Project & Olia Tira, Moldova 2010, 22. plass



VISJON 14, TYSKLAND

VI KLARAR DET

2015: Ei stor mengd flyktningar kjem til Europa som følge av mellom anna borgarkrigen i Syria. Dette set europeiske land i konflikt mot kvarandre. "Wir schaffen das", sa Angela Merkel da hundretusenvís av migrantar kom til Tyskland. På scenen står den tyske forbundskanslaren.

Melodi: Euphoria, Loreen, Sverige 2012, 1. plass



VISJON 15, TYRKIA

EU, EG ER FERDIG!

2016: Tyrkias forhandlingar om EU-medlemskap blir avslutta, etter at landet hadde søkt heilt sidan 1987. På scenen står Tyrkias president Recep Tayyip Erdogan.

Melodi: mata Hari, Efendi, Aserbajdsjan 2021, 20. plass



VISJON 16, ENGLAND

EU, GOODBYE!

2016: Storbritannia stemmer for å forlate EU, ein såkalla Brexit. Utmeldinga trer i kraft først i 2020. På scenen står den engelske statsministeren Boris Johnson.

Melodi: Hard Rock Hallelujah, Lordi, Finland 2006, 1. plass



VISJON 17, USA

LA MAKTELITEN BLØ

2016: Donald Trump blir vald til USAs president, og i 2019 trekker han USA frå INF-avtalen, som han meiner Russland har brote. På scenen står president Donald Trump.

Melodi: Rim Tim Tagi Dim, Baby Lasagna, Kroatia 2024, 2. plass

Oppgåver til framsyninga

Her kjem oppgåver som er relevante for framsyninga *Europavisjonar*. Vel ut og gjennomfør dei aktivitetane som passar for klassen og tida de har til rådvelde. Oppgåvene har ulike vanskegradar, nokre passar for ungdomsskole, andre for vidaregåande elevar. Nokre av oppgåvene kan de gjere før de har sett framsyninga, andre passar best etter de har sett framsyninga.

Elevane kan velje seg ei oppgåve som dei kjem med svar på sjølv. Men mest moro er det å diskutere saman i klassen. Kanskje de har oppfatta og tolka ting heilt ulikt! Teateropplevinga blir betre av å snakke om ho i fellesskap. Det er også mogleg å kombinere felles og individuelle oppgåver. Finn det som passar best for di gruppe.

Oppgåve 1: Historia

Før de har sett framsyninga

Europavisjonar fortel moderne Europeisk historie frå Berlinmurens fall og fram til i dag gjennom ein finale i Eurovision Song Contest. På scenen står kjende politikarar frå denne tidsperioden, og gjennom song og dans skal dei gi publikum sin visjon for Europa.

Mykje i denne historia skjedde før elevane var fødde. Derfor kan det vere fint å ta ein gjennomgang av nokre av dei statsleiarane og hendingane som blir omtala i framsyninga. Det kan ein mellom anna gjere gjennom gruppearbeid.

Del klassen opp i mindre grupper (3-4 elevar per gruppe). Kvar gruppe får nokre søkeord og eit årstal dei skal gjere research på. Kvar gruppe gir ein kort presentasjon av det dei finn for resten av klassen. Anten kan du gjere det som ein "speed date" med historia, med kort tid til research, førebuing og presentasjon for eit raskt overblikk. Eller du kan la elevane gå meir i djupna av dei ulike temaa.



Eksempel:

Stikkord: Berlinmurens fall + år 1989

I 1961 blei Berlinmuren bygd for å dele Berlin i aust og vest. Muren symboliserte skiljet mellom kommunismen i aust og demokratiet i vest under den kalde krigen.

Etter mange år med politisk press og store folkelege protestar, opna grensene seg 9. november 1989. Folk samla seg ved muren, klatra over og byrja å rive han ned.

Dette markerte slutten på den kalde krigen, og kort tid etter blei Tyskland gjenforeina. Berlinmurens fall blei eit sterkt symbol på fridom og håp.

Stikkord for gruppearbeid:

- Boris Jeltsin, oppløysinga av Sovjetunionen, år 1989
- EU, Jean Monnet, år 1992
- Osloavtalen, år 1993
- NATO, år 1995
- Tony Blair, år 1997

- Silvio Berlusconi, innføring av Euro, år 2002
- Colin Powell, invasjon av Irak, år 2003
- Vladimir Putin, sikkerheitskonferansen i München, år 2007
- Jens Stoltenberg, NATO, år 2011
- Ukraina, år 2014
- Hellas, finanskrisa, år 2015
- Marine Le Pen, Geert Wilders, Giorgia Meloni og Viktor Orban.
- Angela Merkel, flyktningekrise, år 2015
- Tyrkia, EU, år 2016
- Storbritannia, Brexit, år 2016
- Donald Trump, år 2016

Oppgave 2: Verda i dag - samtalepunkt**Passar før og etter de ser framsyninga - etter behov**

I løpet av *Europavisjonar* blir publikum med på ei tidsreise der vi til slutt endar opp i 2025. Det er med andre ord fleire storpolitiske hendingar vi er innom i løpet av handlinga, og vi får møte politikarar som framleis sit med makta. Når vi kjem nærmare vår tid, blir konfliktane meir tilspissa - og kan opplevast sterkare for publikum.

- Russland/Ukraina: I framsyninga følger vi Vladimir Putin frå første gong han blir president i år 2000. Gjennom ulike krigar og konflikhtar, til annektering av Krym og Donbas-regionen i Ukraina i 2014, og til storskalainvasjonen av Ukraina i 2022. I framsyninga møter vi også presidenten i Ukraina, Volodymyr Zelenskyy.
- Konflikten mellom Israel og Palestina pregar også framsyninga. Først i form av eit nummer om Oslo-avtalen. Etter kvart blir dette også meir tilspissa i framsyninga, når vi nærmar oss vår tid, med Hamas sitt åtak på Israel 7. oktober 2023, og den påfølgande krigføringa mot Gaza.
- Også andre konflikhtar og hendingar er omtala på ulikt vis i framsyninga. Til dømes krigen i Tsjetsjenia, NATO si bombing av serbiske mål i Bosnia, terroråtak mot World Trade Center i USA, invasjonen av Irak, bombing av Libya. Desse er ikkje like framståande i handlinga.

Som lærar kan det vere lurt å ta stilling til om du har elevar i klassen som direkte eller indirekte kan bli prega av at desse krigane og konfliktane blir tematisert. I teatersalen vil det til dømes vere russiske, israelske og palestinske flagg, i tillegg til andre symbol. Vurder om det er naudsynt å snakke om dette før de ser framsyninga, og ved behov bearbeide det etterpå.

Oppgave 3: Eurovision Song Contest**Passar før eller etter de har sett framsyninga**

Framsyninga *Europavisjonar* er laga som ein finale i Eurovision Song Contest (ESC).

- Kva er Eurovision Song Contest?
- Kor lenge har denne konkurransen eksistert?
- Kva var årsaken til at ein starta opp med Eurovision Song Contest?
- Kvifor er land som Aserbajdsjan, Israel og Australia med i denne tilsynelatande europeiske konkurransen?



Skann QR-koden for å lese artikkelen "Ei politisk reise gjennom Eurovision" av Chris West.



I reglane til Eurovision Song Contest står det at songtekst og opptreden ikkje skal vere politisk, kommersiell eller ha eit støtane innhald. Opp igjennom historia til konkurransen har det fleire gonger blitt kontroversar rundt enkelte land sine nummer. Les artikkelen "Trudde du Eurovision ikkje var politisk?" på nettsida til Det Norske Teatret (eller skann QR-koden under).


- Kva tenkjer de det betyr at ein songtekst eller opptreden ikkje kan vere politisk?
- Finn døme på at dette har vore diskutert gjennom historia, og kva konsekvensar det har fått. Les artikkelen "Ei politisk reise gjennom Eurovision", skann QR-koden på side 11.



TRUDDE DU EUROVISION IKKJE VAR POLITISK?

Tru om igjen! Utviklinga i Europa har prega bidrag gjennom heile den snart 70 år lange historia til Eurovision Song Contest.

LES MEIR →



Skann QR-koden

Oppgåde 4. Musikken


Passar før eller etter de har sett framsyninga.

Eurovision Song Contest - eller Melodi Grand Prix som den også er kjent som - er av enkelte ein høgt elskta, og av andre djupt hata, musikkkonkurranse. Det er eit stort spenn i musikken ein møter i denne konkurransen. I *Europavisjonar* er det musikk som tidlegare har vore med i konkurransen som blir brukt.

Lytt på musikken på spelelista de finn på Spotify (søk opp Europavisjonar).

- Prøv å definere ulike sjangrar for dei ulike låtane. (T.d. ballade, rock, pop)
- Er noko av det musikk de har høyrte før? (T.d. på fest, TikTok, trening)
- Er det musikk de likar eller mislikar? Diskuter!
- Gå inn på youtube og sjå korleis framføringa av ulike låtar var i Eurovision Song Contest. Kva kan ein seie om sceneshowet? Gjer det låten betre eller dårlegare?

På Spotify finn de spelelista over alle låtane som blir brukt i Europavisjonar.



**Oppgåve 5: Snakk om teateropplevinga
Passar etter de har sett framsyninga.**

Det er alltid moro å snakke saman etter ei teateroppleving. Her kjem nokre punkt de kan bruke som utgangspunkt for samtalar om dei ulike elementa i framsyninga.

Beskriv og diskuter handlinga

- Kva handlar *Europavisjonar* om? Kan de gjenfortelje handlinga i fellesskap?
- Kva for tema er viktige i denne framsyninga? (t.d. politikk, valkamp, show, krig, musikk?)

Beskriv og diskuter personane i stykket

Vi møter mange ulike karakterar i *Europavisjonar*. Inntrykket vi får av ein karakter handlar om kva dei seier og gjer, men det handlar også om korleis dei framstår på scenen, kva kostyme og sminke dei har, korleis kroppsspråket og stemma er, osv.

- Diskuter inntrykket de har av floormanager, kommentatoren, programleiarane, og representanten for EBU. Kven var dei, kva oppgåve hadde dei i *Europavisjonar*. Endra dei seg i løpet av framsyninga?
- Artistane var kjende politikarar. Var det nokon av desse som gjorde inntrykk på dykk? Kven og på kva måte?
- Endra nokon av desse personane seg i løpet av framsyninga?
- Kva var relasjonen mellom Angela Merkel og Vladimir Putin?
- Kva var relasjonen mellom Jens Stoltenberg og Angela Merkel?
- Etter pausen møter vi nokre personar som står i publikumsamfiet. Kven var desse, og kva historie fortalde dei?

Beskriv og diskuter det audiovisuelle

På scenen brukar ein lys, lyd, video og scenografi for å skape ulike rom og ulike stemningar som bygger opp under handlinga. Scenografi er dei store tinga ein ser på scenen. Det kan vere ein mur, eit stillas, og paljettkanon osv. Dei mindre tinga på scenen som skodespelarane brukar, kallar vi for rekvisittar, t.d. når ein skodespelar har eit sverd. I *Europavisjonar* blir det også filma på scenen, så ein kan sjå artistane både på skjerm og på scenen. Beskriv scenerommet og korleis dette blei brukt.

- Korleis endra scenerommet seg mellom dei ulike framføringane?
- Korles blei scenen brukt til å skape ulike stemningar, t.d. mellom ein ballade og ein up tempo-låt?
- Heile sceneshowet var laga som ei TV-innspeling. Korleis opplevde du det som publikum å vere med på ein fiktiv TV-produksjon?

Dramaturgi

Dramaturgi handlar om korleis ein fortel ei historie. For ei historie kan alltid bli fortalt på mange ulike måtar. Ein kan starte med slutten, eller ein kan starte med starten. Om det er ei spennande historie, så er det ting i historia som bygger opp spenninga. Er det humoristisk? Eller er det trist? I *Europavisjonar* blir historia fortalt lineært, der vi følger den historiske utviklinga frå 1989 og fram til i dag.

- Korleis blei desse tidshoppa opplevd?
- Var det lett å følge med på utviklinga?
- Var det nokon markørar som blei brukt for å vise at tida gjekk (t.d. film)?

Det er to utdrag frå manuset i dette studiemateriellet. Les gjerne utdraga høgt i

klassen, og snakk om kva vi finn ut om handlinga og karakterane gjennom desse utdraga.

- Korleis var handlinga bygd opp i *Europavisjonar*? Korleis var starten?
- Bygger framsyninga opp mot eit høgde- eller vendepunkt? Var det til dømes spennande eller overraskande på eit tidspunkt?
- Korleis var avsluttinga? Var det overraskande eller naturleg at det slutta på den måten?
- Var det noko som var trist eller morosamt? Snakk om det i klassen.

DEL 3: Vurdering

Til sist skal du komme med ei vurdering. Likte du framsyninga? Kva dreg opp, kva dreg ned? Blei tematikken behandla på ein god måte? Kven passar ho for, tenkjer du?

Om du vil, kan du også gi framsyninga eit terningkast. Terningkast 6 er det absolutt beste terningkastet. Terningkast 1 er det dårlegaste. Mens terningkast 3 er heilt passe. Kva synest du?



- Eurovision er jo kjempepolitisk! Det har det alltid vore.

Les intervju med regissør Simen Formo Hay.



- Det er ein skodespelars våte draum å parodierte Donald Trump.

Les intervju med skodespelar Natalie Bjerke Roland.

Digitalt program

På detnorsketeatret.no finn du fleire artiklar relevante for *Europavisjonar*. Les meir om det kunstnarlege laget, skodespelarane og sjå fleire bilde frå prosessen med å lage framsyninga.

Skann QR-kode for å lese digitalt program.



I podkasten Språkoppdraget snakkar Simen Formoe Hay og Johan Hveem Maurud om prosessen med å lage *Europavisjonar*.

Dei fortel om korleis det var å sjå at nyheitsbildet tangerte fiksjonen timar før premieren, og korleis dei har klart å få eit danna teaterpublikum til å ikle seg paljettar og heie på syngande og dansande politikarar.

Skann QR-koden for å høyre podkasten Språkoppdraget - Eurovision spesial



Bak scenen på Europavisjonar

Det er mange folk i sving for å lage ei stor framsyning som *Europavisjonar*.




På maskeavdelinga blir skodespelarane sminka og får på seg parykkar. I løpet av framsyninga spelar kvar enkelt skodespelar fleire ulike roller. På scenen er det store skjermar. Dette er del av scenografien. På skjermene blir det også vist postkort av artistane.

Bak scenen heng alle kostyme og parykkar på rekke og rad til kjaske kostymeskiift undervegs i framsyninga.



Hattar av ulikt slag ligg klare bak scenen.




Skodespelar Ellen Birgitte Winther i kostymet frå bidraget frå Israel/Palestina.



I bidraget frå Italia er det ein stor robot med. Noken hugsar kanskje den frå Melodi Grand Prix for nokon år sidan? Regissør/manusforfattar-duo Johan Hveem Maurud og Simen Formoe Hay.





Bak scenen sit den eigentlege sjefen over framsyninga: Inspisienten held kontroll på heile framsyninga og gir beskjedar undervegs slik at både teknikarar, musikarar, lys, lyd, skodespelarar og dei som skiftar kostyme og sminke er klare og at framsyninga flyt fram slik ho skal.

Inspisienten følger med på kor dei er i manus og kva som skjer på scenen. På skjermen øvst kan han sjå orkesterleiaren. Skodespelarane på scenen kan også sjå orkesterleiaren når dei står på scenen på ein liten skjerm i taket over salen!

Utdrag frå manus

På dei neste sidene er det utdrag frå manuset til *Europavisjonar*.

Sånn les du informasjonen som står i manuset:

- Namn som står i versalar (store bokstavar) og feit skrift, betyr at ein karakter seier eller syng noko.
- Tekst som står i kursiv betyr at det er ei sceneanvisning, som seier noko om kva som skjer på scenen. Dette skal ikkje seiast.
- Tekst som står i parentes fortel noko om korleis eller til kven ein skodespelar seier noko. Det som står i parentes skal ikkje seiast.
- Tekst som står normalt, med små og store bokstavar, skal seiast av skodespelaren.

TIPS:

Prøv å spele ut utdraget frå manus i klasserommet!

Fordel gjerne rollene ut i klassen og les høgt. Om de ønskjer ei ekstra utfordring, kan de også prøve å spele ut scenen. Korleis vil de løyse det? Kva føler og tenkjer dei ulike karakterane når dei seier det dei seier?

Korleis reagerer dei på det andre seier? Prøv dykk fram!





Opning: Drøym saman
På scenen: Reagan, Gorbatsjov, kor
Melodi: Insieme: 1992

KOR

Drøym saman, Unite unite, Europe

REAGAN

Med deg, du verkar fjern og så framand
Men deg, er ein eg ikkje visste eg sakna
Du og eg, vi drøymer like draumar
oh-oh-oh
Drøym saman; Unite unite Europe

GORBATSJOV

Også deg, som kryssar landegrenser
Med deg, så er vi alle menn'ske

BEGGE

Du og eg, vi lever med eit felles ønske
oh-oh-oh

GORBATSJOV

Drøym saman;
Unite unite Europe

ALLE

Meir fri for kvar dag som går

Draumen lever, men blir aldri direkte
og eg slit med å forstå
men ser handa di, eg trur den er ekte
Europa vinkar til verda
Kan verda bli med på ferda? - Kan det gå?
Drøym saman, unite unite Europe

REAGAN

Eg trur på kjærleik i frå D.C til Moskva

GORBATSJOV

Vi bur, trass alt i lag på den same jorda

BEGGE

Ein mur, må aldri meir få splitte Europa

+ KOR

Oh-oh-oh

BEGGE

Drøym saman -
Ååååh!

ALLE

unite unite Europe

ALLE

Meir fri for kvar dag som går
Draumen lever og snart skjer den direkte
og eg slit med å forstå
men ser handa di og veit, den er ekte

Europa vinkar til verda
Skal verda bli med på ferda - det kan gå!
Drøym saman, unite unite Europe!

(Gorbatsjov og Reagan signerer atomavtalen INF)

KOMMENTATOR

Og her ser vi at Gorbatsjov og Reagan signerer INF-
avtalen, avtalen som gjer slutt
på trusselen om atomkrig.
Ja, det er utruleg.. Og der fell Berlinmuren, ja.

ALLE

Her står vi på Brandenburger Tor

Meir fri for kvar dag som går
(Meir fri for kvar dag som går)
Draumen lever og no skjer den direkte
og slit du med å forstå
(Og slit du med å forstå)
så ta handa mi og kjenn, den er ekte

Europa vinkar til verda
og verda blir med på ferda - berre sjå
Drøym saman, unite unite Europe
Europa vinkar til verda
og verda blir med på ferda - berre sjå
Drøym saman, unite unite Europe



Spørsmål til songen

- Kven var Ronald Reagan og Mikhail Gorbatsjov, som syng i dette nummeret?
- Kva var INF-avtalen, som dei to signerte?

I 2019 trekte president Donald Trump USA frå INF-avtalen med Russland.

- Kvifor trekte USA seg frå INF-avtalen i 2019?





Visjon 7: For fred og ro, invader no
På scenen: Colin Powell, vampyr, kor
Melodi: Vampires are alive

(På skjermen: 2003. Postkortet reiser til USA og/eller Irak. får sjå klipp frå 9/11, invasjonen av Afghanistan osv. Så får vi til slutt sjå klipp frå FNs tryggingråd, der Powell skal til å tale)

COLIN POWELL

Vi må inn i Irak
Noko er frykteleg rart
Dei skjuler våpen der
Og eit av våpena har eg her!
(Snakkar)

Våpenet som alle no lurar på kva er - vis deg!

VAMPYR

Eg er ein vask'ekte vampyr
Verre enn bomber!
Verre enn fly!
Eg er farleg!
Eg er ekte!
Det er sant!

COLIN POWELL

Det er sant!

VAMPYR

Eg er ein trussel for alle land
og eg jobbar masse med Saddam

COLIN POWELL

Kan vi plis få bombe Bagdad?
Det er snakk om liv og død!

ALLE

Vampyrar i Irak
Dei finst, eg veit det er sant

Skal vi ha fred og ro
Så må vi invadere no

KOR

Vampyrar i Irak!

COLIN POWELL

Ja, vi må invadere no

KOR

Vampyrar! Vampyrar i Irak

COLIN POWELL

Ja, vi må invadere no
Eg har bevis for at dei finst
På biletet her, heilt openlyst!
Der er kappa, der er tenna...
Dei kjem hit!

UTDRAG

DET NORSKE TEATRET Europavisjonar

VAMPYR

Eg kjem dit!

Eg drikk blod her i Irak
Men ein amerikanar har best smak
Så no kjem eg!
New York City;
Gjer dykk klar!

COLIN POWELL + KOR

Stopp dei for ein kvar pris!
Eg har ein haug med bevis!
Vampyrane kjem no
og ja, dei toler ikkje sol
(Vampyrar i Irak!)

VAMPYR

Heilt sant, eg toler ikkje sol!
(Vampyrar! Vampyrar i Irak)

COLIN POWELL

Ja, vi må invadere no

COLIN POWELL & VAMPYR

Vampyrar i Irak!
O-o-oh!
Vampyrar i Irak!

COLIN POWELL

Ja, vi må invadere no

ALLE

Vampyrar!
I IRAK!

COLIN POWELL

Vampyrar i Irak!

ALLE

Vampyrar!



Colin Powell sin tale i FN

Skann QR-koden for å
sjå talen Colin Powell
heldt i FN der han
åtvara om at Iran hadde
atomvåpen.





Visjon 9: Demokrati? Elles takk
På scenen: Vladimir Putin
Melodi: Cha Cha Cha



PUTIN (syng)

Verda i dag er visstnok fredeleg og demokratisk
Likevel så kjennest alt truande, dramatisk
Økonomisk, kulturelt og ikkje minst politisk
Eg ser på utviklinga som skummel - høgst kritisk

Kven er stormakta vi ser bryt folkeretten?
(U-U-U-U-USA)
Kven har militæret høgast opp i statsbudsjettet?!
(U-U-U-U-USA)
Og kven opererer fritt, heilt ukritisk skyt rakettar!?
(U-U-U-U-USA)
Dobbeltmoralistar, kven er dei til å irectesette!?

Dei drikk ein Pina Colada, og skit i alt anna
Dei smiler sjølvtilfreds og sivile blir ramma

Og NATO står på grensa, med våpen i handa
Og kva skal vi tru der dei vinkar i frå nabolanda?
Trur dei er gode, men Irak dei blei jo teppebomba
Dei dansar chachacha, dei og NATO-landa!

Kven er sjefen, kven har makta no, kven er fienden?!
(U-U-U-U-USA!)
Kven si krigføring har øydelagt verdsfreden?
(U-U-U-U-USA!)
Invaderer Midtausten, som om dei var på sydenferie
(U-U-U-U-USA!)
At Russland er dei slemme, frå kor kom den ideen?
Oi...


Den kom frå USA
Det er USA,
som angrip Irak, og Afghanistan
Det er USA
som bestemmer alt
trekk i alle trådar
USA
Demokratiet deira er visst bra
Og oss i Moskva
Vi må lærast opp
Og bli demokratar
Men ein demokrat?
Er visstnok ein som vil invadere land.
Så eg
seier elles takk, seier nei til kaos.

Kor kom alt kaoset frå?
Det var USA,
ikkje Bosnia eller Serbia
Det var USA
Dei bestemmer alt
Det har gått for langt!

USA
(U-U-U-U-USA!)
USA
(U-U-U-U-USA!)
U-U-U-U-USA!



Visjon 14: Vi klarar det
På scenen: Angela Merkel
Melodi: Euphoria



ANGELA MERKEL

Kva, vil denne augneblinken
seie om oss?

Kva, når dører lukkar seg
og går i lås

Vi, vi rokkar ikkje ved
verdi og tru

Vi står imot ei framandfrykt
som byggjer mur

Vi klarar det

Eg veit at vi har klart det før

Når nokon bankar på ei dør

Så må ein o - o - o - o - opne opp

Vi klarar det

Eg veit vi har moral som før

Når tårer fell og hjarte blør

Så må ein o - o - o - o - opne opp

Dei kjem hit, og er

aleine i ei kynisk verd

Nokon seier dei er ute på

ei lykkeferd

Ja nokon vil seie at dei

ikkje treng ei hand å halde i

Men da må vi møte det nei-et,

med noko dei kan kvile i

Vi klarar det

Eg veit at vi har klart det før

Når nokon bankar på ei dør

Så må ein o - o - o - o - opne opp

Vi klarar det

Eg veit vi har moral som før

Når tårer fell og hjarte blør

Så må ein o - o - o - o - opne opp

Aleine... Dei treng ei hand å halde i...

Aleine... Noko dei kan kvile i....

Vi klarar det...

Vi klarar det...

Må opne o - o - o - o - opp

Vi klarar det

Eg veit at vi har klart det før

Eg veit vi har moral som før

Må o - o - o - o - opne opp

Vi klarar det!

Vi klarar det!

Må - o - o - o - opne opp